



Fakta om

avfalls- og slamhandteringa i Ålesundregionen i dag

Systemet for gjenbruk og kildesortering i ÅRIM

1.1 Gjenbruksløysingar

ÅRIM har i 2015 og 2016 etablert ordningar der gjenstandar som kan ha en gjenbruksverdi kan leverast på dei fleste av dei ti miljøstasjonane selskapet driv. Gjenstandane blir henta om omsett i ulike gjenbruksbutikkar. UFF og Fretex har også plassert ut oppsamlingseiningar for tekstilar i tilknytning til mange av returpunkta til ÅRIM.

Mesteparten av gjenbruken foregår likevel direkte gjennom private organisasjoner og verksemdar og via nettløysingar som www.finn.no og Facebook.

1.2 Henting av avfall frå hushald

ÅRIM har i dag eit kjeldesorteringssystem der avfall dels blir samla inn på husstands nivå, dels på returpunkt og dels på miljøstasjonar. Alle hushald har tilgang til tre oppsamlingseiningar heime:

Kjeldesortert avfall	Standard oppsamlingsutstyr	Hentefrekvens
Papir, papp, kartong	140, 240, 360 eller 660 l behalder	Kvar fjerde veke
Plastemballasje	Klar 140 l plastsekk	Kvar fjerde veke
Restavfall	140, 240, 360 eller 660 l behalder	Kvar veke

Tabell 1: Kjeldesortering på husstands nivå

Enkelte stader i Ålesund er det knapt med areal, og avfallet blir då henta oftare. Kompostabonnentar får henta restavfall annankvar veke, dei fleste av eigarkommunane har dessutan ordningar der abonnentar med lite avfall kan velje å få henta restavfall annankvar veke. Enkelte abonnentar nyttar sekkar i staden for behalder til papir og / eller restavfall.

ÅRIM oppmodar abonnentar til å samarbeide om oppsamlingsløysingar; i enkelte område blir abonnentar også pålagt slikt samarbeid. I større bygg, der det blir nytta felles oppsamlingsløysingar for avfall, blir det i nokre høve også nytta kontainar til renovasjon, både vanlege kontainarar og heilt eller delvis nedgravde avfallsbrønnar. Løysinga med avfallsbrønnar blir stadig meir populær i nye burettslag og sameige der det er knapt med areal og ønskje om ei estetisk god avfallsløysing. Abonnentar som ønskjer å installere avfallsbrønnar må følgje retningslinjer frå ÅRIM og sjølv stå for innkjøp av utstyr og entreprenørarbeid.

Hytte- og fritidsabonnentar leverer avfall til eigne hyttepunkt. ÅRIM har etablert om lag 80 hyttepunkt. På hyttepunkt er det høve til å kjeldesortere papir og restavfall. I mange høve er hyttepunkt samlokalisert med returpunkt for glas- og metallemballasje.

Alle abonnentar i ÅRIM har også fått utdelt pappboksar for oppsamling av batteri og lyskjelder. ÅRIM gjennomfører ei årleg bydels- og grendeinnsamling av farleg avfall og småelektrisk.

1.3 Returpunkt

ÅRIM har utplassert om lag 100 returpunkt der innbyggjarane kan levere glas- og metallemballasje.

1.4 Miljøstasjonstilbodet

Miljøstasjonane tek imot avfall som er for stort til å kunne samlast inn gjennom henteordningane, avfall det ikkje er lov å levere i henteordningane (miljøfarleg avfall) samt hageavfall. Dei avfallstypene som innbyggjarane kan sortere på ÅRIM sine miljøstasjonar er:

- Trevirke
- Metall
- Papp og papir
- Plast
- Brennbart avfall
- Ikkje-brennbart avfall og gips
- Miljøfarleg avfall:
 - Farleg byggavfall
 - Elektrisk og elektronisk avfall
 - Batteri
 - Dekk
 - Anna farleg avfall
- Produkt til gjenbruk

ÅRIM har ti bemanna miljøstasjonar i Ålesundregionen.

Miljøstasjon	Opningstider	Besøktal i 2015
Bingsa, Ålesund	Seks dagar i veka	60 564
Brevika, Sandøy	Ein ettermiddag i veka	1 452
Djupøyna, Norddal	Ein dag i veka , samt 3 laurdagar i året	921
Gjøsundneset, Giske	To dagar i veka, samt 1 laurdag i månaden	7 758
Jarnes, Sykkylven	To dagar i veka , samt 3 laurdagar i året	5 070
Kjølen, Stranda	Tre dagar i veka	2 906
Nøsa, Haram	To dagar i veka, samt 3 laurdagar i året	5 747
Sjøholtstrand, Ørskog	To dagar i veka , samt 1 laurdag i månaden	1 795
Vinjesanden, Stordal	Ein ettermiddag annankvar veke	362
Øveråsli, Vestnes	To dagar i veka	3 479

På øyane i Haram samt på Hellesylt, organiserer ÅRIM ein årleg grovavfallsinnsamling. Bakgrunnen for denne ordninga er at det i desse områda bur innbyggjarar som har lang reiseveg til næraste miljøstasjon. I juni 2015 starta ÅRIM også opp eit mobilt miljøstasjonstilbod i bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger. Dette er ei bestillingsordning

der innbyggjarane på førehand melder inn behov for henting av grovavfall og miljøfarleg avfall på www.arim.no. Tilbodet blei nytta av totalt 145 kundar i andre halvår 2015.


1.5 Slamtømming

Alle hushaldsabonnentar som har separate avløpsanlegg får tømming av anlegget minimum annakvart år dersom det er tilknytt heilårsbustad og minimum kvart fjerde år dersom det er tilknytt fritidsbustad eller heilårsbustad nytta som fritidsbustad. Tette tankar tømstast minimum kvart år. Abonnentane har høve til å tinge hyppigare tømming mot betaling. Kommunen kan i enkelte høve fastsette annan tømmeffrekvens, til dømes for minirensanlegg.

I tillegg til separate avløpsanlegg, tømmer ÅRIM også enkelte anlegg som er del av det kommunale avløpsnett. Dette blir gjort med same utstyr og på same ruter som øvrig slamtømming.

2 Avfalls- og slangebyr for hushald

2.1 Avfallsgebyret



Figur 1: Det mest vanlege renovasjonsgebyret i ÅRIM-kommunane samt pris frå ÅRIM, alle prisar er inkl. mva

Avfallsgebyret til hushaldsabonnentane i ÅRIM er bygd opp av følgjande element:


- ÅRIM sine faste kostnader til renovasjonsordninga. Desse kostnaden inkluderer også levering av inntil 600 kg avfall til sortering på miljøstasjonane, inntil 1000 kg farleg avfall, samt fri levering av hageavfall og EE-avfall.
- Kostnadene til energigjenvinning av restavfall, desse er dels handtert av kommunane, dels av ÅRIM.
- Kostnadene til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret, desse er dels handtert av kommunane, dels av ÅRIM.

- Variable beløp som avhenger av volum på restavfallsbeholder. Hushald betaler ikkje ekstra for større papirdunk eller fleire sekkar til plastemballasje.
- Historiske kostnader knytt til avfallshandtering i kommunane, t.d. oppfølging av nedlagde deponi for hushaldsavfall og utjamning av sjølvkostfond.

Ekstratenester som lenger henteavstand eller ekstratømmingar, samt levering av avfall over kvote til miljøstasjonane blir prisa særskilt. Abonentar som inngår avtale med ÅRIM om heimekompostering eller samarbeider med andre abonnentar om felles avfallsløysingar får redusert avfallsgebyr.

Alle som leverer avfall på miljøstasjonane må ha med miljøstasjonkortet som alle hushaldsabonentar i ÅRIM har motteke.

2.2 Slamgebyret



Figur 2: Det mest vanlege slamgebyret i ÅRIM-kommunane samt pris frå ÅRIM, alle prisar er inkl. mva


Slamgebyret til hushaldsabonentane i ÅRIM er bygd opp av følgjande element:

- Ein tømmepris som inkluderer ÅRIM sine faste kostnader til slamtømming og slambehandling og som er avhengig av type og storleik på tanken som skal tømmast.
- Kostnadene til fakturering og innkrevjing av slamgebyret, desse er dels handtert av kommunane, dels av ÅRIM.
- Historiske kostnader knytt til slam i kommunane, t.d. investeringar i slambehandlingsanlegg og utjamning av sjølvkostfond.

3 ÅRIM sitt tilbud, samanlikna med andre renovasjonsselskap

3.1 Renovasjonsbenchmarking

AvfallNorge har utvikla ein benchmarkingsmodell for å samanlikne effektiviteten i drifta av renovasjonsselskapa. Modellen tek høgde for ulike geografiske føresetnader og for at ulike selskap har ulike tilbod til innbyggjarane. ÅRIM sin praksis og prestasjonane til selskapet i 2013 blei gjennom Avfall Norge si Renovasjonsbenchmarking samanlikna med 27 andre renovasjonsselskap på sju resultatområde.




Figur 3: Vurdering av ÅRIM sine resultat i 2013 på sju ulike resultatområde

Samla sett hadde ÅRIM under middels posisjon mellom deltakarane i samanlikninga.

I 2016 gjennomførte selskapet ein ny gjennomgang og ei ny samanlikning med andre avfallsselskap, basert på resultatata i 2015. Konklusjonen no var at ÅRIM oppnådde middels eller betre enn middels normert resultat på 6 av 7 resultatområde.

1,0 = høyest/best 0 = lavest/svakest




Figur 4: ÅRIM sine prestasjoner basert på 2015-tala

Forklaring av figuren:
 1,0 er høyest score (ytterst) og 0 er lavest score (blå sirkel i midten)
 Rød linje = ÅRIM sin score for året 2015
 Blå linje = Gjennomsnittet av deltakerne i RBM 2016 basert på året 2015
 Grå, stiptet linje angir ÅRIM sin score for året 2013

3.2 Kostnadseffektivitet

I samband med behandlinga av budsjettet for 2013 vedtok representantskapet følgjande: «Representantskapet ber styret om å ha særleg fokus på kostnadseffektiv drift av selskapet». Konklusjonen frå samanlikninga med andre selskap er at ÅRIM er karakterisert av ei prioritering av kostnader over standard, noko som gjer at kostnadseffektiviteten i selskapet er mellom dei beste i utvalet.



Figur 5: ÅRIM sin posisjon med omsyn til teoretisk kostnadseffektivitet basert på 2015-tal, «13» representerer ÅRIM sine prestasjonar i førre måling (basert på 2013-tal), stipla linje gir gjennomsnittleg effektivitetsnivå.

Forklaring av figuren:
 Det vises en søyle pr. deltaker i RBM 2016. Grønn del av søylen angir effektivitetsnivået, gul del teoretisk potensial for å effektivisere renovasjonssystemet, rød del teoretisk potensial for å effektivisere driften, og stiptet linje angir gjennomsnittlig effektivitetsnivå. Tallet under aksene angir ÅRIM sin posisjon i 2015, og for å se resultatutviklingen vises også posisjonen i 2013.


3.3 Kundetilfredsheit

I samband med etableringa av ÅRIM, sommaren 2010, blei det gjennomført ei tilsvarande undersøkning med renovasjonstenestene. Då var den ureflekterte kundetilfredsheita 75 %.

Som ein del av AvfallNorge si benchmarking blir også kundetilfredsheita målt. Første gang selskapet deltok, med spørreundersøking blant kundane våren 2014, oppnådde ÅRIM ein kundetilfredsheit på 79 %. Dette låg nært gjennomsnittet for dei renovasjonsselskapa som deltok.

Våren 2016 gjennomførte ÅRIM ei ny kundetilfredsheitsmåling med telefonintervju av 200 husstander. Her oppnådde ÅRIM ein kundetilfredsheit på 84 %.

Meir detaljert har utviklinga vore slikt:



Figur 6: Utviklinga i kundetilfredsheit med renovasjonstenestene i Ålesundregionen frå 2010 til 2016

Dei momenta som totalt sett var viktigast for abonnentane si vurdering av omdømmet til ÅRIM var innsamling, informasjon, miljøstasjon og returpunkt.

I samband med kundeundersøkinga i 2016 stilte ÅRIM også nokre tilleggsspørsmål som fekk følgjande svar:


- Omlag halvparten av kundane kjeldesorterer "alltid" plastemballasjen.
- Omlag 6 av 10 kundar trur i stor grad at avfallet blir gjenvunne og resirkulert.
- Omlag halvparten er positive til sortering av matavfall (mot 4 av 10 i 2010).

- Omlag 7 av 10 kundar er positive til sortering av glas- og metall i ein eigen behalder.
- Halvparten av kundane er positive til ein egen dunk for matavfall.
- Omlag 7 av 10 kundar er positive til ein egen dunk for glas- og metallemballasje.
- Omlag 7 av 10 kundar meiner at den mengda avfall dei kan levere utan å betale ekstra ved levering er passe.

4 Status for gjenbruk, kildesortering og gjenvinning

ÅRIM hadde i 2015 om lag 103 000 innbyggjarar, nesten 36 000 hushaldsabonnentar med renovasjonsavtale og ansvar for litt over 11 000 anlegg med slamtømming. Fleire av abonnementsavtalane og slamanlegga dekkjer fleire hushald (t.d. burettslag og eigarsameige for renovasjon og fellesanlegg for slam).

Totalt avfallsmengde fra hushald i ÅRIM i 2015 var om lag 39 500 tonn eller 383 kg pr innbyggjar. 60 prosent av avfallet blir samla inn gjennom henteordningar.




Figur 7: Kvar fekk ÅRIM inn hushaldsavfall i 2015

Avfallsmengdene per innbyggjar har vore relativt stabile sidan 2010.

4.1 Samansetning av avfallet frå ÅRIM

4.1.1 Innsamling og returpunkt


I 2015 henta ÅRIM i snitt 230 kg per innbyggjar frå heimane i regionen. 80 prosent av det innsamla avfallet var restavfall som gikk til energigjenvinning. Innbyggjarane leverte i tillegg i snitt 9 kg glas- og metallemballasje og 5 kg klede til returpunkta.



Figur 8: Innsamla avfallsmengder i ÅRIM i 2015

4.1.2 Samansetning av innsamla restavfall

ÅRIM gjennomfører avfallsanalyser, det vil seie ein detaljert gjennomgang av eit representativt utval av ein avfallstype. Hensikta med slike analyser er å få klarlagt potensialet for auka gjenvinning, samt å undersøke effekten av selskapet sin kommunikasjon om kjeldesortering. Fram til 2015 har ÅRIM ved fleire høve gjennomført avfallsanalyser av innsamla restavfall, i tillegg har det vore gjennomført ei analyse av innsamla papir. Frå 2016 legg selskapet opp til å også gjennomføre avfallsanalyser av andre avfallstyper.



Figur 9 Resultat av avfallsanalyse 2015 - innsamla restavfall


Omrekna til årleg innsamla restavfallsmengde på 185 kg og samanstilt med data for det som i 2015 har blitt sortert ut, får vi følgjande teoretiske potensial for gjenvinning i ÅRIM:

POTENSIAL FOR GJENVINNING AV ÅRIM-AVFALL			
Avfallstype	Mengde per innbyggjar i innsamla restavfall (ikkje sortert i 2015)	Mengde utsortert i 2015	TOTALT
Papp og papir	16,2	43,4	59,5
Plast	18,2	5,4	23,6
Glass- og metallemballasje	7,8	9,4	17,2
Metall	6,1	12,2	18,2
Matavfall	95,0	0,0	95,0
Tekstil, sko, gummi og lær	8,2	4,9	13,1
Farlig avfall	1,2	11,3	12,5
EE-avfall	8,7	7,2	15,9
Anna komposterbart	5,7	25,5	31,3
Rest	18,0	42,0	60,0
Trevirke		36,5	36,5
SUM	185,2	197,7	382,9

Det kan vere ressursar også i brennbart og ikkje-brennbart avfall frå miljøstasjonane som kunne vore utnytta betre. Her manglar ÅRIM førebels grunnlag.

4.1.3 Miljøstasjonane


I 2015 mottok ÅRIM i snitt 138 kg avfall per innbyggjar på miljøstasjonane. Kundane sorterer sjølve avfallet på miljøstasjonen. Sorteringstilbodet har vore under utvikling i 2015, med sikte på å få utsortert meir av det avfallet som elles ville gått som brennbart avfall eller avfall til deponi til avfallstyper som kan nyttast til materialgjenvinning og gjenbruk.



Figur 10 Fordeling av avfall sortert på miljøstasjonane til ÅRIM i 2015 – kg per innbyggjar

4.2 Behandling av avfallet frå ÅRIM

Ei samanstilling viser at 31 % av avfallet frå innbyggjarane i Ålesundregionen i 2015 gikk til materialgjenvinning eller gjenbruk. Ei samanlikning med nasjonale tal for 2015 viser at sorteringsgraden i ÅRIM er litt lågare enn snittet for Møre og Romsdal (36 %) og ein god del lågare enn snittet for Noreg (39 %).



Figur 11: Disponering av avfall - SSB-data frå 2014 for Noreg 2014 og Møre og Romsdal 2014

4.3 Slambehandling i ÅRIM

ÅRIM leverte i 2015 totalt 1 566 tonn slam til kompostering. Slammet som blir levert til fire ulike behandlingsanlegg:

- Vestnes Renovasjon AS,
- Gjøsumdmyrane i Giske,
- Breivika i Sandøy,
- Bingsa i Ålesund.

Det ferdige jordproduktet etter kompostering blir nytta til ulike føremål, som toppdekke på avfallsdeponi, til vegføremål (som grøfter og skjæringar) samt som gjødselvarer. Det er restriksjonar på bruk av gjødselvarerprodukt som innehalder avløpslam i landbruket; i praksis blir slike produkt berre nytta i kornproduksjon. I 2012 utgjorde kornarealet under tre prosent av samla landbruksareal i Møre og Romsdal. Potensialet for bruk av slamkompost til landbruket i Ålesundregionen er difor avgrensa.

5 Løysingar for næringslivet i Ålesundregionen

5.1 Næringsavfall frå eigarkommunane

ÅRIM utfører renovasjonstenester for mange av verksemdene til eigarkommunane, i tillegg til at selskapet utfører renovasjonstenester for enkelte andre verksemdar som har

renovasjonsavtale med eigarkommunane. Når ÅRIM utfører denne typen oppgåver for eigarkommunane, er det næringsverksemd som reknast som utført i eigenregi; prisen ÅRIM fakturerer reflekterer dei kostnadene selskapet har ved å utføre tenestene.

ÅRIM leverer eit todelt tilbod; henting av avfall frå verksemdene, samt drift av miljøstasjonar der verksemdene kan levere avfall. Verksemdene må oppfylle relevante krav og retningslinjer som gjeld for hushaldsabonnentar. Prisstrukturen er noko ulik den som gjeld for hushaldsrenovasjonen.

5.2 ÅRIM sitt tilbod til andre næringskundar

ÅRIM gir eit tilbod om innsamling og mottak av næringsavfall og slam frå private verksemdar med der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

5.3 Omfanget av næringsverksemd

Næringsverksemda til ÅRIM er, i motsetnad til sjølvkosttenestene, skattepliktige. Dette gjeld både handteringa av næringsavfall frå kommunane og frå andre næringskundar.

Rekneskapsmessig er næringsverksemda skilt frå sjølvkosttenestene selskapet leverer; det skal ikkje vere nokon form for kryssubsidiering mellom desse tenestene. Næringsverksemda utgjør om lag 12 – 13 % av totalomsetninga i ÅRIM.



JA, det nyttar



ÅRIM - Ålesundregionen interkommunale miljøelskap IKS.

Langelandsvegen 1 - 6010 Ålesund - post@arim.no - 70 31 41 00 - arim.no - org nr. 994 717 286 MVA